Direktoratet for **naturforvaltning**

NINA hovudkontor
NIVA hovudkontor
Sweco Grøner
NVK Multiconsult

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
04/7314 NATI-NF-SN
Arkivkode:
363.2

Dato:
06.09.2004

Invitasjon til å utforme eit prosjektforslag til norske referansestasjonar for overflatevatn, jfr EU's rammedirektiv for vatn

Bakgrunn
Eit overvakingsprogram for norsk vatn skal vera etablert innan 22. desember 2006.

For overflatevatn, er fastsetjing av referansestasjonar det fyrste leddet i å få etablert eit overvakingsprogram. Rammedirektivet pålegg medlemslanda å opprette eit referansenettverk for kvar vasstype (Rammedirektivet, vedlegg II, 1.3). Referansestasjonane skal lokaliserast til vatn som har svært god økologisk status. Desse referansestasjonane vil òg vera referanse for "maksimalt økologisk potensiale".

Etter overvakingsgruppa si vurdering, bør referansestasjonane leggjast i områder som er utan inngrep og forureining. Dette for å sikre at området vil ha svært god økologisk status også i framtida. I tillegg bør referanseområda, om mogleg, blir lagt dit det allereie er overvaking eller der det fins lange tidsseriar med relevante data.

Prosjektet skal byggje på allereie gjennomført arbeid (vedlegg 1), retningslinene i Rammedirektivet 'Overvakingsveilederen', og karakteriseringsarbeidet. Det er forventa at oppdragstakar tar kontakt med andre relevante fagmiljø etter nærare avtale med oppdragsgiver. Nettverket som blir foreslått skal vera mest mogleg kostnadseffektivt.

Vi gjer merksam på at dette er eit FoU-prosjekt, og såleis unnateke forskrifta om offentlige innkjøp, jfr. paragraf 1.3, bokstav g. For å sikre god foretningsskikk etter lova om offentlige innkjøp, blir prosjektet likevel utlyst blant utvalte institusjonar.

Innhald i prosjektet
Prosjektet skal levere ein rapport som:

- foreslår referansestasjonar i alle relevant kategoriar overflatevatn (elver, innsjøar og kystvatn)[1]. Prosjektet må vurdere om ein skal prioritere referansestasjonar i vanlege vasstypar

[1] I dette prosjektet skal "overgangvatn" slik det er definert i rammedirektivet, handsamast saman med kystvatn. For sterkt modifiserte vassførekomstar vil referansestasjonane i elver, innsjøar og kystvatn også danne grunnlaget for vurdering av økologisk potensiale. Prosjektet skal derfor ikkje foreslå referansestasjonar for sterkt modifiserte vassførekomstar. Grunnvatn er ikkje inkludert i prosjektet.

Besøksadresse:
Tungasletta 2
Postadresse:
N-7485 Trondheim

Telefon:
73 58 05 00
Telefaks:
73 58 05 01

Videokonf:
73 90 51 40

Internett:
www.dirnat.no
E-post:
Postmottak@dirnat.no

Saksbehandler:
Signe Nybø
Telefon:
73 58 06 31

framfor å spre referansestasjonane utover alle vasstyper. Vurderinga skal leggje til grunn forvaltninga sitt behov for statistisk utsagnskraft for å avgjera om forvaltningstiltak skal setjast inn. Det må også vurderast om ein kan effektivisere ressursbruken ved å ha referanseovervaking på færre lokalitetar for dei kvalitetselementa som ikkje varierer så mykje i nivå mellom enkelte typar eller regionar.

- foreslår kva for kvalitetselement (organismegrupper, kjemi, fysiokjemiske og hydromorfologiske førehald, m.m.) som skal målast ved kvar enkelt referansestasjon, jfr Vedlegg V 1.1 i Rammedirektivet, og kva for frekvens kvalitetselementa skal målast med på kvar enkelt referansestasjon. Prosjektet skal vurdere om det er mest hensiktsmessig å måle flest moglege kvalitetselement ved same referansestasjon. Målet er å auke utsagnskrafta i overvakinga som grunnlag for forvaltningstiltak

  Rammedirektivets vedlegg II, 1.3 viser at ein kan gjera unntak for kvalitetselement der det ikkje er mogleg å fastsetja pålitelige typespesifikke referansevilkår pga høg naturleg variasjon. Det må vurderast om dette er relevant for enkelte kvalitetselement i enkelte vasstypar.

- foreslår ein rulleringsplan for prøvetaking mellom dei ulike referansestasjonane som legg til rette for effektiv ressursbruk når det for eksempel gjeld prøvetaking og infrastruktur. Rulleringsplanen bør vera slik at kostnadane er mest mogleg jamt fordelt mellom år, men likevel fagleg forsvarleg.

- estimerer kostnadene for etablering og årleg drift av referansestasjonane over ein 5 års periode. Det skal koma tydeleg fram kva som allereie er finansiert, og kva som er nyetableringar. Synergieffektar ved samlokalisering av ulike kvalitetselement og koordinering av aktivitetar mellom ulike aktørar når det gjeld nyetablering og drift skal inngå i vurderinga. Det er eit krav at forslaget skal være økonomisk realistisk.

- foreslår kvar det er mogleg å gjera ei arbeidsfordeling mellom Norge og andre land om etablering og drift av referansestasjonar, og synliggjere kva for referanselokalitetar dette kan gjelde. Dette for å ivareta målet om å etablere eit kostnadseffektivt overvakingsprogram. Like viktig, er at dette sørgjer for at overvakinga blir harmonisert på tvers av landegrensene. Det skal takast omsyn til eksisterande samarbeidsavtaler.

Tidsplan

- Oppdragstakar skal leggje fram prosjektskisse på overvåkingsgruppa sitt møte den 9. november 2004 for diskusjon. I tillegg kan det bli aktuelt å delta på eit møte til i januar 05.
- Forslag til rapport skal leverast innen 1. februar 2005.
- Overvakingsgruppa sender deretter rapporten til høyring til andre relevante aktørar. Dette for å sikre at ein får mest mulig samforståing av at dei stasjonane som er valt, er best egna. Høyringa får frist 1. mars.
- Endeleg rapport skal ta omsyn til høyringa på vesentlege punkt. Oppdragstakar skal levera endelig rapport 1. april 2005.

Krav til tilbodet og organisering av prosjektet

- Prosjektforslaget skal leverast elektronisk til DN innan måndag 20. september kl. 1800. Skal sendast til **signe.nybo@dirnat.no**

Det skal leverast tilbod på eit prosjekt innanfor ei ramme på maksimum kr 400.000 inklusiv moms

Det mest fordelaktige tilbodet vil bli vurdert etter desse kriteria:

- Samarbeid. Tilbod som er eit samarbeid mellom fleire institusjonar vil bli prioritert.
- Erfaring frå arbeid med planlegging og gjennomføring av miljøovervaking. Tilbudsspesifikk kompetanse må dokumenterast
- Kor mykje arbeid som skal gjennomførast innanfor kostnadsramma.
- Oppdragstakars prosjektforslag om korleis oppdraget kan utførast.
- Fagleg kvalitet

Direktoratet for naturforvaltning vil på vegne av overvåkingsgruppa, jfr EU's rammedirektiv, inngå kontrakt i veke 40 (27. sept. - 1. okt).

Med helsing

Ivar Myklebust
Direktør for Naturinformasjonsavdelingen

Jon Barikmo

Vedlegg: Allereie gjennomført arbeid

Vedlegg 1: Allereie gjennomført arbeid

Innsjøar og elver

Eit førebels forslag til typologi for norske elver og innsjøar vart ferdig 1. juni 2003. Fyrste utkast fins på internettadressa: http://www.sft.no/arbeidsomr/vatn/vassdirektiv/publikasjoner/typologi_innsjoer_elver.pdf. Rapporten foreslår 23 innsjøtypar og 14 elvetypar, fordelt på 6 økoregionar. Vasstypane vil danne grunnlag for å velja referansestasjonar. Eit revidert utkast vil koma rundt 1. september 2004. Faktaark som beskriver referansetilstand for ulike typar innsjøar og elver er gjennomført, og fins på internettadressa: http://www.sft.no/arbeidsomr/vatn/vassdirektiv/publikasjoner/. Resultatet frå korleis 6 nasjonale overvakingsprogram for ferskvatn kan samordnast betre, vil koma i september 2004 . Fleire av desse overvakingslokalitetane er lite påverka av lokale inngrep/ forureining og vil derfor egne seg til referanselokalitetar. Vidare skal det leggjast til grunn: "Aktive vannføringsstasjoner i Norge", Lars Evan Petterson 2004. "Norges hydrologiske stasjonsnett". NVE rapport 7-2003, Lars-Evan Pettersson (red.), samt "Prioriteringar av stasjonsnett". NVE-rapport 9-2004, Arne Tollan (red.) . Det skal også vurderast om "Rapport fra en arbeidsgruppe som har vurdert en utvidet bruk av NVEs hydrologiske stasjoner" (utgjeven i 1992) kan vera nyttig ved val av referansestasjonar. Ved å kombinere typologirapporten, samordningsrapporten og informasjon om det hydrologiske stasjonsnettet kan ein finna egna referanselokalitetar i ferskvatn.

Oversikt over kva for områder som er beskytta, dvs. verna, eller er prioriterte områder for biologisk mangfald finnes på: http://dnweb5.dirnat.no/nbinnsyn/.

Resultat frå instituttprogrammet Bioklass bør nyttast når det er relevant. I tillegg er det opp til oppdragstakar å bringe inn resultat frå andre studie når det er relevant.

Kystvatn

Rapporten "typifisering av norske marine vannforekomster" http://www.sft.no/arbeidsomr/vatn/vassdirektiv/publikasjoner/marintypologiveileder.pdf inneheld både forslag til typifisering av kystvatn og forslag til referansestasjonar i kystvatn. Rapporten peiker på 7 ulike typar kystvatn fordelt på 4 økoregionar, i alt 23 typar kystvatn i Norge.

Rapporten foreslår altså referansestasjonar. I tillegg er det nå ein ny rapport i trykk, som har forslag til marine overvakingsstasjonar for biologisk mangfald (DN Utredning 2004, i trykk). Det bør tas omsyn til både rapportane når det endelege forslaget til referansestasjonar blir gjort. Biologisk mangfald rapporten inneheld kostnadsoverslag for overvakinga, og kan vera til nytte i denne samanhengen.

For kystvatn bør arbeidet fokusere på kva for lokalitetar som skal inngå i stasjonane og deretter kva for kvalitetselement som skal målast kvar. Det manglar mykje data ift. å beskrive kvalitetselementa. Det bør vurderast om modellering kan bidra til å velja riktige lokalitetar (bl.a ift. straumar) og kvalitetselement.

Resultat frå instituttprogrammet Bioklass bør nyttast der relevant. I tillegg er det opp til oppdragstakar å bringe inn resultat frå andre studie når det er relevant.

Kostnadsvurdering, for etablering og drift av referansestasjonane, vil også vere ein vesentlig del av arbeidet i dette prosjektet. Så langt mogleg bør det gjennomføres samarbeid med andre land.